



Sjå mottakarliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anette Heggøy, 5557 2305

## Handtering av brøytesnø i Vestland fylke

### Bakgrunn

I samband med snøfalla i Bergen vinteren 2020/21, har Statsforvaltaren i Vestland motteke spørsmål frå brøyteentreprenørar om oppdaterte retningslinjer for handtering av brøytesnø og deponering på land og i sjø.

I februar 2011 sendte Fylkesmannen i Hordaland ut eit informasjonsskriv med retningslinjer for handtering av brøytesnø og dumping av snø i Bergen. Miljødirektoratet har sidan den tid utarbeida nye retningslinjer for snøhandtering. Statsforvaltaren ønskjer med dette å orientere om oppdaterte retningslinjer for snøhandtering i Vestland fylke. Dette brevet erstattar retningslinjene i vårt brev av 2011.

### Retningslinjer for handtering av snø

Forureining frå veg er ei viktig kjelde til forureining av sjø og vassdrag frå urbane område. Brøytesnø kan innehalde betydelege mengder partiklar, mikroplast, sand, grus og avfall, tungmetall og andre miljøgifter. Deponering og dumping av snø kan dermed representere ei fare for forureining av sjø og vassdrag og derfor krevje løyve frå statsforvaltaren.

I følgje nye retningslinjer frå Miljødirektoratet<sup>1</sup> er dumping av snø i sjø og vassdrag i utgangspunktet alltid søknadspliktig fordi faren for forureining og forsøpling er stor. Statsforvaltaren vil difor vera restriktiv med å gje løyve til dumping av snø i vassdrag og sjø.

Også mellomlagring og deponering av snø på land kan krevje løyve etter forureiningslova, dersom mellomlageret/deponiet representerer ein risiko for forureining. Ei miljørisikovurdering for det aktuelle området, vil vise om snøen medfører ei fare for forureining av nærliggande vassdrag, sjø eller grunnen. Dersom vurderinga visar at deponiet kan medføre fare for forureining er det krav om løyve etter forureiningslova § 11 frå Statsforvaltaren.

---

<sup>1</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/forurensning/deponere-forurenset-overskuddssno/>



Handtering av snø som ikkje fører til nemneverdig forureining treng ikkje løyve etter forureiningslova jf. forureiningslova § 8 tredje ledd. Lokal disponering av snø som er relativt fersk og som kjem frå område med lite trafikk, vil mest sannsynleg ikkje medføre fare for forureining. Slik disponering vil normalt ikkje trenge løyve.

### **Plikt til å unngå forureining**

Generelt har den enkelte aktør alltid ei plikt til å sette seg inn i lover og reglar som gjeld for den aktiviteten dei utfører. I dette ligg også den sjølvstendige plikta kvar enkelt har til å unngå forureining jf. forureiningslova § 7.

### **Forbod mot forsøpling**

I § 28 forureiningslova er det eit forbod mot forsøpling. Kommunane er myndigheit, jf. forureiningslova § 37. Dersom handtering av snø fører til forsøpling kan kommunen bruke denne myndigheita til å gje pålegg om tiltak for å stanse og rydde opp i forsøplinga.

### **Forventningar til aktørar som driv med brøyting og snøhandtering**

#### Oversikt over snømengde og forureiningsfare

Kommunar og andre aktørar som driv med omfattande brøyting og snøhandtering, skal ha oversikt over den potensielle forureinings- og/eller forsøplingsfaren som brøytesnøen representerer. Aktørane må ha oversikt over mengde og kvalitet på snø som tidvis må transporterast vekk og kor snøen vert disponert. Ved fare for forureining kan det vera nødvendig å også ta prøver av snøen.

#### Vurdere behov for plan for handtering av snø

Alle kommunar, vegeigarar og andre aktørar skal ut frå lokale forhold, vurdere behov for ein plan for handtering av snø i god tid før sesongstart. Utarbeiding av planar for handtering av snø vil vere nødvendig for alle som driv omfattande brøyting og snøhandtering.

Aktuelle lokasjonar for deponering eller dumping av snø skal vurderast med omsyn til risiko for miljøskade/påverknad. Dersom vurderingane viser at det er fare for forureining ved nokre av lokalitetane, må det søkast om løyve etter forureiningslova for kvar av desse i god tid før neste vintersesong. Krav til kva ein søknad om løyve skal innehalde er gitt § 36 i forureiningsforskrifta.

Kommunen må også avklare eventuelle lokalitetar for disponering av snø etter plan og bygningslova.

Med utgangspunkt i risikovurderingar og eventuelt prøvetaking av snø frå ulike område kan det leggjast opp til ei differensiering i handtering av forureina snø og reinare snø. Snø som er relativt fersk og som kjem frå område med lite trafikk vil mest sannsynleg ikkje medføre fare for forureining. Snø frå sentrumsområde og trafikkerte område er ofte forureina. Eventuelle retningslinjer for differensiering av snø må gå klart fram av planen for snøhandtering.

Planar for snøhandtering skal vidareformidlast til aktuelle entreprenørar.

### **Retningslinjer for plassering av snødeponi**

Snø frå trafikkareal der vegane vert salta, må ikkje plasserast slik at snødeponiet har avrenning til ferskvassførekomst. Undersøkingar har vist at botnvatn i innsjøar som tar imot avrenning frå vegar som vert salta eller frå snødeponi frå slike vegar kan vere betydeleg påverka av salt.

Ved val av lokalitet for snødeponi må det tas omsyn til eventuell risiko for skadeverknader på nærliggjande naturverdiar og vassdrag. Det må også tas omsyn til brukarinteresser i det aktuelle området, og eventuelle støy og trafikkulempar for nærområda må vurderast.



For deponi som blir lagt i nærleiken av sårbare naturverdiar og/eller vassdrag kan det vere nødvendig med avbøtande tiltak for å hindre forureining. Type dekke under deponiet, behov for avskjering av overvatn og oppsamling og reinsing av smeltevatt er aktuelle vurderingar. Vidare må det sikrast at søppel ikkje følgjer med smeltevatt ut i resipient. Det må også vere mogeleg å samla opp søppel frå snødeponiet etter at snøen er smelta.

#### **Levering av forureina massar frå snødeponi**

Grus, sand, slam og anna avfall som ligg igjen etter snøsmeltinga må handterast i tråd med § 32 i forureiningslova. Slikt avfall kan innehalde forureining og må leverast til avfallsanlegg med løyve etter forureiningslova.

Retningslinjene er også lagt ut på våre nettsider.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakarliste:**

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD



Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN



Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE